

Kvalvågen Grendelag

v/Anne Grete Breisnes

Kvalvågen 49

5943

Til Austrheim Kommune

Kvalvågen 24.03.21

Uttale til trafikksikringsplanen

I Kvalvågen, frå avkøyringa i hovudvegen og nord til Stavsundholmen, bur det i dag nærare 30 born og ungdom, som har skulevegen sin langs den farlege Kvalvågsvegen for å kome til næraste busstopp.

Kvalvågen Grendelag meiner vegen snarast må utbetrast, og har her sett opp ei punktvis liste over tiltak vi meiner er viktige

1. Utbetring av vegen dei første ca 200 metrane, til første avkøyrslø.
 - Vegen er svært smal, kun plass til ein bil, ikkje plass til personar eller endå verre, barnevogn el sykkel på sida.
 - Heilt mangel på skulder, på autsida bratt berghammar opp og på vestsida rett ned fleire meter
 - Vegen hallar fleire grader ned og det er inga sikring, kun eit par låge stabbesteinar. Om vinteren på isføre, er det stor fare for å skli utfor.
 - Mangel på veglys. På denne smale og farlege strekka er det og heilt svart når skuleborna skal til bussen om morgonen. Det må opp minst eitt lyspunkt her
2. Utbetring vidare nordover til der den utvida vegen startar, ved avkøyrslø til 45-49
 - For smalt og uoversiktleg i svingen
 - Fleire stader er grøftene fylt opp (fiberkabel og grus). Dette medfører at vatn renn ut i vegen og lagar store issvullar på vinterstid
3. Formalisert redusert fartsgrense til 30 km
4. Behov for lyspunkt ved innkøyringa til «Neshaugen», nye feltet nord i Kvalvågen

Anne Grete Breisnes

for styret i Kvalvågen Grendelag